



Ingvild Hjelmtveit

Ikkje offentleg  
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.  
ledd nr. 1

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/158 - 15/1131

Saksbehandlar:

Irene Hystad Hugaas

irene.hystad.hugaas@meland.kommune.no

20.01.2015

## Behov for ekstra bemanning

Vi har dette skuleåret ekstra utfordringar i klassemiljø i 1. og 2.klasse og på SFO. Det er særleg tre enkeltelevar som har store vanskar med utagerande adferd, aggresjon, sinnemeistring og impulsivitet. To av dei hadde vanskar vi var førebudd på frå barnehagen, og dei er undervegs i undersøking og kartlegging hos BUP og PPT. Uheldig adferd har eskalert utover hausten og vinteren. Dei har enkeltvedtak med spesialundervisning og assistentressurs. Vi har ikkje klart å dekkja opp med full dekning i alle timar i skulen, og SFO har ikkje ekstraressurs til disse barna. SFO har kun bemanning akkurat i forhold til forsvarleg vaksentettleik. SFO har frå før eit enkelt barn som har behov for ein vaksen på fulltid. Det eine barnet kom til oss i 2.klasse etter jul, tilflytta frå Vestbygd skule. Denne guten har store vanskar, og vi må jobbe tett med foreldre og PPT og få ein rask henvisning til BUP. Det er ikkje assistent i denne klassen frå før.

**Vi har difor snarast behov for ekstra assistentressurs i skule og sfo for å klare å handtere disse utfordrande elevane.** Det er behov for min. 2 timar kvar dag i skuletid og ekstra bemanning fram til kl. 15.00 i sfo-tid. Det utgjer 5 timar kvar dag, totalt 25 timar kvar veke, og **totalt 63% stilling**. Det er mulig å utvide stilling til ein eller to tilsette. Eg har grunnlagstal for å utvide i stillingar i budsjettet frå august 2015, men meiner vi må iverksette dette snarast for å ha eit forsvarleg skulemiljø. Det vil sannsynlegvis vera behov for at denne auken kjem i tillegg grunna svært store utfordringar med enkeltbarn.

Slik situasjonen har vore no det første halvåret, har andre lærarar steppa inn for å avhjelpe kontaktlærer, rektor og inspektør brukar tid på konfliktløsning og tilsyn, og rektor må skrive fleire enkeltvedtak etter §9a i Opplæringslova etter klager frå foreldre og skader /plaging som er påført andre elevar ved gjentekne høve.

Vi har allereide fylgjande tiltak :

- Skulen har enkeltvedtak for arbeid med sosial kompetanse og adferd.
- Kontaktlærer og sfo-leiar har hyppig kontakt og samarbeid med foreldra.
- Rektor har gjort enkeltvedtak på avgrensing til kvar enkeltelevar kan opphalde seg, ekstra vaksen som har tilsyn i friminutta, og mindre grupper elevar kan leike i på sfo med ekstra tilsyn.
- Alle tilsette vert involvert og er engasjert i samarbeidsarena for å skape trygt og godt miljø.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

- Vi brukar materiell og metode som er anbefalt og anerkjent, og tileignar oss ny kunnskap.
- Zippy-programmet vert brukt med alle elevane.
- Zero-handlingsplan er eit verktøy for handtering av konflikhtar og plan for førebyggjande tiltak.
- Vi har samarbeid med andre faginstansar som PPT og BUP .
- Skulemiljøutval ved skulen (samansett av foreldre - FAU, elevrådsrepresentantar og tilsette) kan vurdere skulen sine tiltak for klassemiljø og bidra med forslag.

Med helsing

Irene Hystad Hugaas  
rektor

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

SFO-leiar, Kine Beate Brandsdal  
TV Utdanningsforbundet, Anita  
Askeland  
TV Fagforbundet, Grethe Håkenstad

**Mottakere:**  
Ingvild Hjelmtveit